



MØTEBOK

UTVAL:	ARBEIDSUTVALET I VILLREINNMENDA
MØTESTAD:	Telefonmøte
DATO:	03.02.2014
TIDSPUNKT:	09:30 – 11:00

FASTE MEDLEMMAR TILSTADES:

Margit Smeland	Leder	ÅMLI
Ola Sukka	Nestleder	SULDAL
Olav Tveita	Medlem	ODDA
Leif Roholdt	Medlem	KVITSEID
Anne Helen Jupskås	Medlem -	TOKKE

(t.o.m. sak om dato for vårmøtet under Eventuelt)

FASTE MEDLEMMAR IKKJE TILSTADES:

Oddmund Ljosland	Medlem	ÅSERAL
------------------	--------	--------

VARAMEDEMMAR:

Margit Dale	For Oddmund Ljosland	VALLE
-------------	----------------------	-------

ANDRE:

Tor Punsvik	Fylkesmannen i Vest-Agder, ansvarleg
Jørn Haug	Sekretær villreinnemnda

MERKNADAR TIL SAKSLISTE/INNKALLING:

Nokre har problem med å få opna sakspapir med store filvedlegg. Er det saker med store vedlegg vert desse neste gong lagt ut på ekstern server slik at medlemmane kan laste ned filene sjølv.

Åseral, 5. februar 2014

for Arbeidsutvalet i villreinnemnda

SAKLISTE

Utvalsnr.:	Innhald:	Lukka:
PS 14/1	Referatsaker	
PS 14/2	Uttale til felles høyring av søknadar om utbygging av kraftverk i Daladalen, overføring av vatn til Lyngsvatn og ny trafo på Helmikstølen, Forsand og Hjelmeland kommune.	
PS 14/3	Uttale til søknad og konsekvensutgreiing for Skvenehei vindpark i Åseral kommune.	



UTTALE TIL FELLES HØYRING AV SØKNADAR OM UTBYGGING AV KRAFTVERK I DALADALEN, OVERFØRING AV VATN TIL LYNGSVATN OG NY TRAFØ PÅ HELMIKSTØLEN, FORSAND OG HJELMELAND KOMMUNE.

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
S10	2012/658	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/2	Arbeidsutvalet i villreinnemnda	03.02.2014

Bakgrunn:


Det ligg føre ein felles høyring av søknadar om vidare vasskraftutbygging i området Daladalen i Forsand og delar av Hjelmeland kommune. Det er Småkraft AS, Lyse Produksjon AS og Lyse Elnett AS som har fremma søknadane. Det er NVE som står for høyringsprosessen. Frist for uttale er 14 februar. Sjå brev frå NVE i vedlegg 1.

Følgjande utbyggingar inngår i høyringa (sjå kart vedlegg 2):

1. Bygging av Dalaåna og Nordåna kraftverk (Småkraft AS)
2. Bygging av Øvre Dalaåna Kraftverk (Småkraft AS)
3. Bygging av ny transformatorstasjon på Helmikstølen (Lyse Elnett AS)
4. Overføring av tre vatn i Øvre del av Dalaåna til magasinet Lyngsvatn (Lyse Produksjon AS)

Utbygging nr. 1-3 nemnd over ligg i *bygdeutviklingssona* jamfør Heiplanen, mens overføring til Lyngsvatn (nr. 4) ligg i *omsynssone villrein*. Ut frå nemnde status i Heiplanen tar uttalen bare føre seg overføringa til Lyngsvatn.

Kartutsnitt som syner staus i Heiplanen. Aktuelle område ringa inn med raudt :




Om utbyggingsplanane (søknad frå Lyse Produksjon AS)

Tiltaket går ut på å føre over tilsiget frå tre vatn i øvre del av Dalaåna til magasinet Lyngsvatn. Vatnet skal nyttast i Lysebotn kraftverk. Dei tekniske inngrepa er som følgjer:

- 450 lang tunnel frå Longatjørna til Hefteholstjørna
- 2050 meter lang tunnel frå Hefteholstjønn til Lyngsvatn
- 1050 meter langt tunnel frå Grønakråtjørna til Lyngsvatn.
- Bygging av låge betongdammar i utløpa av Longatjørna, Hefteholstjørna og Grønakråtjørna. Reguleringshøgda vil vera på 0,5 m, 1 m, og 3 m, men utan noko aktiv styring av vannstanden.

Det går fram av beskrivinga at anlegga skal byggjast utan vegtilkomst. Årleg ny produksjon er rekna til 21GWh. Kartutsnitt på neste side syner plasseringa av inngrepa. Frå tidlegar er området relativt sterkt prega av inngrep i form av reguleringsmagasin (Lyngsvatn), linjenett og vegar.



Omtale av konsekvensar for villrein ved overføring av vatn frå Daladalen til Lyngsvatn

Konsekvensar for villrein er omtala i konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing (vedlegg 3 – 4). Her går det fram at særleg ved harde vintre kan enkelte mindre flokkar trekk inn i planområdet. Særleg gjeld dette i området kring Molteheia sør for Lyngsvatn. I anleggsfasen vil forstyrringa auka som følgje av menneskeleg ferdsel og anleggsverksemd. Det er likevel ikkje forventa at tiltaket på sikt (driftsfasen) vil føre til at området vert mindre nytta av villrein.

Vurdering:

Med omsyn til kraftutbygging er utgangspunktet i Heiplanen kap. 2.10.1 at det ikkje bør gjevast løyve til utviding eller bygging av nye kraftanlegg. Unntak kan gjerast for tiltak som ikkje gir vesentleg negativ verknad for villrein, men det må avklarast gjennom konsekvensutgreiing.

Konsekvensane for villrein synast å vera rimeleg godt dekkja opp i konsekvensutgreiinga. Det må likevel noterast at det ikkje synast å vera henta inn villreinfaglig vurdering frå NINA slik NVE har stilla krav om i konsekvensutgreiingsprogrammet.

Som nemnd i konsekvensutgreiinga er det særleg ved harde vintre at området kan ha ein viktig funksjon. Det kan leggest til at tradisjonelt har området til ein viss grad og vore nytta til

sommerbeite for bukk. Det har vore få/inga observasjonar av villrein i området dei seinare åra. Truleg heng dette saman med at villreinstammen for tida er relativt låg samt moglege barriereeffektar som hindrar naturleg trekke aust-vest og nord-sør. I ljøs av dette er det viktig at omsyn til villreinen sin områdebruk vurderast i eit langsiktig perspektiv.

For villrein er det særst viktig at nye inngrep ikkje bare vert vurdert isolert men også ut frå ei vurdering av samla belastning. Det vises her til naturmangfoldlova § 10. Setesdal-Ryfylke villreinområde er frå før sterkt prega av menneskeleg påverknad, både i form av tekniske inngrep og ferdsel. I eit slikt perspektiv vert det for snevert å bare vurdere verknaden av dei nye overføringane isolert slik det går fram av konsesjonssøknaden kap. 3.14. Villreinnemnda vil og trekke fram pågåande villreinprosjekt i Setesdal-Ryfylke villreinområde der føremålet er å prøve ut tiltak for å betre trekk aust – vest og nord – sør. Lukkast ein i dette vil dei aktuelle område i større grad kunne nyttast av villreinen i framtida.

Av konsekvensutgreiinga går det fram at det i første rekke er forstyrning i anleggstida som kan ha negativ verknad for villrein. Som avbøtande tiltak går det fram at anleggsarbeid bør avgrensast i sensitive periodar (februar – juli). Ei slik avgrensing vil og vera positivt i høve til villreinen sin bruk av områda. Når det er sagt vil vel værtilhøva uansett vera avgrensande for anleggsverksemd i vinterhalvåret.

Villreinnemnda legg til grunn at trongen for ferdsel i området for å drifte og sjå til anlegga vil vera svært avgrensa. Tilrettelegging for fjernstyring av anlegga (tappeluke mv.) vil vera viktig i den samanheng.

Framlegg til uttale:

Arbeidsutvalet i villreinnemnda syner til Lyse Produksjon AS sine planar om overføring av vatn frå Daladalen til Lyngsvatn

Arbeidsutvalet vil understreke trongen for vurderingar knytt til samla belastning jamfør naturmangfoldlova §10. Arbeidsutvalet saknar og ei villreinfaglig vurdering slik det er gjeven føringar om i konsekvensutgreiingsprogrammet. Ved utarbeiding av ei slik vurdering ber arbeidsutvalet om å få denne tilsendt med moglegheit for supplering av uttalen.

Ut frå opplysningane som ligg føre har ikkje arbeidsutvalet store innvendingar til Lyse Produksjon AS sine planar om overføring av vatn frå Daladalen til Lyngsvatn. Arbeidsutvalet vil likevel peike på viktigheita av at villreinen sin bruk av områda vert vurdert i eit langsiktig perspektiv der bruken bruken kan andre seg over tid.

Utover dette syner arbeidsutvalet til vurderingane i saksframstillinga.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 03.02.2014

Framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Arbeidsutvalet i villreinnemnda syner til Lyse Produksjon AS sine planar om overføring av vatn frå Daladalen til Lyngsvatn

Arbeidsutvalet vil understreke trongen for vurderingar knytt til samla belastning jamfør naturmangfoldlova §10. Arbeidsutvalet saknar og ei villreinfaglig vurdering slik det er gjeven føringar om i konsekvensutgreiingsprogrammet. Ved utarbeiding av ei slik vurdering ber arbeidsutvalet om å få denne tilsendt med moglegheit for supplering av uttalen.

Ut frå opplysningane som ligg føre har ikkje arbeidsutvalet store innvendingar til Lyse Produksjon AS sine planar om overføring av vatn frå Daladalen til Lyngsvatn. Arbeidsutvalet vil likevel peike på viktigheita av at villreinen sin bruk av områda vert vurdert i eit langsiktig perspektiv der bruken bruken kan andre seg over tid.

Utover dette syner arbeidsutvalet til vurderingane i saksframstillinga.

Kopi til:

NVE – konsesjonsavdelinga. Pb. 5091 Majorstuen. 0301 OSLO



UTTALE TIL SØKNAD OG KONSEKVENSENTGREIING FOR SKVENEHEI VINDPARK I ÅSERAL KOMMUNE.

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
S89	2014/76	Jørn Trygve Haug	


UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/3	Arbeidsutvalet i villreinemnda	03.02.2014

Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev frå NVE
- 2 Konesjonssøknad
- 3 Konsekvensutredning for villrein ved Skvenehei vindpark
- 4 Kunnskapsstatus for effekter av vindkraftverk og kraftledninger på villrein
- 5 Mail frå Jon Erling Skåtán datert 27.1.2014

Bakgrunn:

Det ligg føre ein konsesjonssøknad for Skvenehei Vindpark lokalisert i Åseral kommune i Vest-Agder (vedlegg 1-2). Utbyggingsplanane er fordelt på to planområde; Skvenehei i sørleg planområde og Stuttjønnhei i nordre planområde. Kartutsnitt på neste side er henta frå konsesjonssøknaden s. 36, her kjem og grenser frå Heiplanen fram. Sørleg planområde (Skvenehei) ligg i *bygdeutviklingssone*. Nordleg planområde (Stuttjønnhei) ligg i *nasjonalt villreinområde*.



Til saman vert det lagt opp til bygging av 39 stk. vindmøller/turbinar, kvar med ein effekt på 2,3 MW, til saman 89,7 MW. Årleg produksjon er stipulert til 271 GWh. Teknologitviklinga kan gjera det mogleg med installering av større effekt og det vert difor søkt om samla installert effekt på inntil 120 MW.

I nordleg planområde vert det lagt opp til bygging av 11 turbinar. Tilkomst til området er planlagt frå nordleg ende av Nåvatn med bygging av ein 1,5 – 2 km lang veg. I tillegg kjem interne vegar på om lag 7 km. For drift av anlegget vil det vera trong for hyppig tilsyn. Utan at det kjem klart fram i søknaden vil det neppe vera trong for brøyting av vegane vinterstid. Tilsyn vil difor skje med bruk av beltegåande kjøretøy.

For tilknytning av produksjonen til nett er det primære alternativ bygging av ein 33 kV line frå nordre til sørleg planområde, tilknytning til trafo her og så vidare på line austover til planlagde Honna transformatorstasjon lenger aust i kommunen.

Av eksisterande inngrep i området bør nemnast Statnett si sentralline som passerar gjennom planområdet. I tillegg er Nåvatn og Stekil regulerte vatn.

Konsekvensane for villrein er greia ut gjennom «Konsekvensutredning for villrein ved Skvенеhei vindpark» og ein meir generell del om «Kunnskapsstatus for effekter av vindkraftverk og kraftledningar på villrein». Sjå vedlegg 3-4. Konsekvensane og vurderinga knytt til villrein er samanfatta i konsesjonssøknaden side. 69 – 70. Sentrale moment her er:

- Utgreiinga bygger på ei verdivurdering av influerte område med utgangspunkt i beiteressursar, bestandsstatus, arealbruk før og nå. I tillegg vurderingar av korleis reinen

påverkast av vindkraftverk basert på eksisterande kunnskap. Vurderinga av konsekvensane er gjort uavhengig av plangrenser/omsynssoener i Heiplanen.

- Influensområdet av Skvenehei vindpark (nordleg og sørleg planområde) er randområde for villrein i sørleg del av leveområde Setesdal Ryfylke. Søndre planområde har vore lite nytta av villrein sidan nedgangen i bestanden på slutten av 90-talet. I influensområdet av Skvenehei vindpark er det inga stadfesta observasjonar sidan midten av 80-talet. På 60- og 70-talet var situasjonen annleis der dei sørlege heiområda (Åseral, Kvinesdal og Hægebostad) var meir i bruk som vinterbeite, og der bukkeflokkar kunne stå igjen før trekk nordover.
- Historisk har truleg Stuttjønnehei (nordleg planområde) vore meir nytta av villrein enn område Skvenehei (sørleg planområde) men begge områda ligg nå som då, meir perifert enn meir sentrale vinterbeite lenger mot vest og nord i Åseral kommune.
- Av moglege årsakar til at dei sørlege heiområda innanfor Setesdal-Ryfylke har gått ut av bruk vert det peika på hindringar som følgje av vassdragsreguleringar, låg stammestorleik dei siste 10 åra, samt gjengroing med bjørk og lite lav i sørlege heiområde.
- Ut i frå kunnskapsstatus om effektar av inngrep og forstyrring frå menneske er det definert eit influensområde med ein potensiell unnvikingszone frå 0,5 – 3 km. ut frå inngrepa innanfor planområdet.
- Om villreinen i framtida tar opp igjen bruken av influensområda vurderast reduksjonen i bruk å vera 0 – 70% samanlikna med 0-alternativet.
- Sjølv med ein situasjon der villreinen tar opp att bruken av dei sørlege heiområda ligg influensområde for Skvenehei vindpark slik til at ein forventar at dyra i vil konsentrere arealbruken (vinterbeite) i område lenger mot nord og vest. På bakgrunn av graden av periferi og låglandspreg vurderast nordleg planområde (Stuttjønnehei) å ha liten verdi for villrein.

I konsekvensutgreiinga (KU) er det omtala to moglege scenario i høve til villrein. Det første er ein situasjon der villreinen sin arealbruk vert om lag som i dag og i framtida. Dette vert vurdert som det mest sannsynlege. I dette tilfellet vil det ikkje vera villrein som nyttar influensområda og det vert såleis inga konsekvens av vindparken. Eit anna scenario er at ein får tilbake ein situasjon som på 70-talet, med større bestand av villrein og bruk av dei aktuelle influensområda, særleg på seinvinteren. Konsekvensane for villrein (nordleg planområde, Stuttjønnehei) kan då var unnviking av områda som følgje av anleggsverksemd (utbyggingfasen), samt frykt og fluktadferd i møte med driftspersonell.

I konsekvensutgreiinga går det fram at den *samla belastninga* for villrein i Setesdal-Ryfylke er stor grunna vassdragsreguleringar, hyttebygging i randområde, ulovleg scooterkøyring og generell auka menneskeleg ferdsel. Sidan vindparken er lokalisert i dei sørlege heiområda vil den truleg få liten negativ konsekvens for villreinstammen totalt sett. Den beskyttelsen av villreinen sine leveområde som ligg i gjeldande landskapsvernområde og eventuelt med implementering av Heiplanen i arealforvaltningen, vil vera tilstrekkeleg til at den samla belastninga på villrein ikkje aukar vesentleg i framtida.

Om villreinen tar opp igjen bruken av dei sørlege områda er det i konsekvensutgreiinga peika på viktigheita av å avgrense auka menneskeleg ferdsel inn i området.

Vurdering:

Nordleg planområde (Stuttjønnhei) ligg i Heiplanen som nasjonalt villreinområde. Det vert difor fokusert på dette området vidare i saka.

Tilhøvet til Heiplanen

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) er vedteken av råka fylkesting og vart godkjend av Miljøverndepartementet i brev datert 14.6.2013. Av målsetningar for planarbeidet kap. 1.4 bør særleg nemnast:

«Det skal fastsettes en klar grense for et nasjonalt villreinområde som ivaretar villreinens arealbruk til ulike årstider». Vidare «Sørge for tilstrekkelige leveområder for å opprettholde en livskraftig bestand i et langsiktig perspektiv»

Det går fram av retningslinene i Heiplanen kap. 2.10.1 fram at i nasjonalt villreinområde skal *«villreinens interesser tillegges stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling»*.

Det er vesentleg at det i vidare handsaming av konsesjonssøknaden vert lagt vekt på dei målsettingane som ligg til grunn for Heiplanen, der det i denne saka særleg må leggest vekt på *arealbruk til ulike årstider* samt vurdering i eit *langsiktig perspektiv*.

Av Heiplanen kap. 2.10.1 går det fram at for saker knytt til kraftutbygging kan *«..unntak gjøres for tiltak som ikke innebærer vesentlig negativ betydning for villreinen. Disse vurderingene forutsettes avklart gjennom konsekvensutredning..»* I det følgjande er det gjeven merknadar til konsekvensutgreinga som følgjer saka.

Merknadar til konsekvensutgreinga (KU) for nordleg planområde

Observasjonar av villrein dei seinare år

Av KU går det fram at det i influensområdet ikkje er stadfesta observasjonar av villrein sidan midten av 80-talet. Ei slik beskriving gir ikkje eit riktig bilete av situasjonen. Dette stadfesta av Statens Naturoppsyn v/Jon Erling Skåtan i mail datert 27.1.2014. Her går det mellom anna fram at det jamnleg er observert dyr og spor i dei sørlege delane av Åseral og ned i Hægebostad. Frå 2001 har stammen totalt sett vert særst låg men og i denne perioden har det vore spor av dyr heilt ut mot Vivassdalen. Skåtan nemner og to år på midten av 90-talet der det var monaleg mengde dyr sør i heiene. Mellom anna vart det observert bukker i Vivassdalen og ein flokk av alle typar dyr ute på Hekkfjellet (Hægebostad).

Informasjon gjeven av Skåtan er lagt ved saka (vedlegg 5). Utgangspunktet var konkrete spørsmål frå Bård Andreas Lassen i Vest-Agder fylkeskommune.

Utover dette syner sekretær til *Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal – Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS Rapport 6/2010)*. Rapporten danna det villreinaglege grunnlaget for den regionale planprosessen (Heiplanen), der ein etter kvart kom fram til kva område som skulle ha status som nasjonalt villreinområde.

GPS-merkeprosjekt i Setesdal Ryfylke

I KU s. 28 er det referert frå GPS-merkeprosjektet for villrein i Setesdal Ryfylke, med kart som syner korleis merka simler har nytta områda. Eit vesentleg moment her er at bukkar i større grad enn simler nyttar randområda (Mossing, Norsk Villreinsenter Sør 25.4.12). Eit anna poeng er at data er samla inn gjennom ein 5-års periode, noko som i villreinsamheng er ein særskilt kort tidsrom. I tillegg har andel bukkar i stammen vore låg i mange år, men der denne andelen har auka dei siste åra. Det er vesentleg at desse perspektiva vert lagt til grunn når det vert nytta data frå GPS-merkeprosjektet.

Lav som beitegrunnlag

I KU er det peika på at gjengroing med bjørkeskog kan vera eit hinder for at villreinen tar i bruk influensområda. Det er her grunn til å minne om at lavbeite (lavmatter) utgjer ein liten del av det totale beitearealet i Setesdal Ryfylke samanlikna med mange andre villreinområde (*Strand mfl. 2011.Sluttrapport frå GPS-merkeprosjektet NINA rapport 694*). I lange periodar om vinteren er villreinen i våre område tvungen til alternativ føde, til dømes lav på trær.

For vurdering av beitegrunnlag syner sekretær til tidlegare nemnde mail frå Skåtán i SNO (vedlegg 5).

Studiar knytt til villrein og vindkraft

I KU vert det vist til redusert arealbruk frå 0-70 % innanfor ei sone på 0,5 – 3 km. frå menneskelege inngrep og ferdsel. Dette byggjer på studie gjort i høve til kraftleidningar, vegar, mykje nytt utfartsområde mv. Funn frå slike undersøkingar har ein overføringsverdi i denne saka, men som det vert opplyst i KU er det ikkje gjort konkrete studie på villrein og vindkraft. Vindkraft er i denne samheng særmerkt ved at det er konstruksjonar i «rørsle» og som i tillegg genererer støy. Det er og trong for hyppig tilsyn i driftsfasen. Med bakgrunn i det avgrensa kunnskapsgrunnlaget i høve til villrein og vindkraft må det leggjast særleg vekt på føre-var-prinsippet jamfør naturmangfoldlova § 9.

Bestandssituasjonen i høve til forventa arealbruk og pågåande villreinsprosjekt i Setesdal Ryfylke

Mot slutten av 1990-talet vart det gjennomført ei relativt kraftig nedskyting av villreinstammen i Setesdal Ryfylke. Dei seinare åra har stammen vore under oppbygging. I 2013 vart eit omfattande villreinsprosjekt starta i Setesdal-Ryfylke. Hovudmålet i prosjektet er at villreinen skal ta i bruk ein større del av leveområde gjennom auka tettheit av dyr, auka del storbukk samt ulike tiltak som jaktfrie soner for å spare potensielle tradisjonsberarar. Vesentleg i prosjektet er og å prøve ut tiltak som kan betre tilhøva for trekk nord-sør og aust-vest.

Det er vesentleg at det ved vurdering av villreinen sin forventa framtidig arealbruk vert lagt vekt på bestandssituasjonen og bestandsmål, samt nemnde pågåande villreinprosjekt med hovudmål å auke villreinen sin områdebruk.

Til avslutning er det grunn til å minne om at villreinnemnda er høyringsinstans i saker der villreininteressene vert råka. Villreinnemnda burde difor vore ført opp som høyringsinstans i saka.

Framlegg til uttale:

Arbeidsutvalet i villreinnemnda syner til konsesjonssøknaden for Skvenehei vindpark og konsekvensutgreiinga for villrein som følgjer søknaden.

Arbeidsutvalet syner til saksframstillinga og dei vesentlege merknadar som kjem fram vedkomande konsekvensutgreiinga for villrein knytt til Nordleg planområde (Stuttjønnehei). Merknadane er knytt til følgjande forhold:

- *Observasjonar av villrein dei seinare åra*
- *Bruk av innsamla data frå GPS-merkeprosjektet i Setesdal Ryfylke.*
- *Beitegrunnlaget i Setesdal Ryfylke*
- *Manglande studie av villrein og vindkraft*
- *Bestandsituasjonen og pågåande villreinprosjekt i Setesdal Ryfylke*

Ut frå merknadane har Stuttjønnehei større viktigheit for villrein enn det som vert lagt til grunn i konsesjonssøknaden.

Med grunnlag i merknadane til konsekvensutgreiinga bør det ikkje gjevast konsesjon for vindpark i nordleg planområde (Stuttjønnehei). Det er arbeidsutvalet sitt syn at utbygging av vindkraft i dette området bryt med målsettingane gjeven i Heiplanen.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 03.02.2014

Sekretær informerte om at han har teke opp spørsmålet om eigen habilitet med overordna i kommunen samt med leiar i villreinnemnda. Bakgrunnen er at sekretær er gift med grunneigar nord for planområdet på Stuttjønnehei. Sekretær vart vurdert som habil.

I uttalen må det leggjast vekt på bestandssituasjonen dei seinare åra, samt at hovudmålet i pågåande villreinprosjekt er at villreinen skal ta i bruk ein større del av leveområda.

Kopilista vert supplert med: Åseral kommune, Vest-Agder fylkeskommune samt Fylkesmannen i Vest-Agder.

Uttale:

Arbeidsutvalet i villreinnemnda syner til konsesjonssøknaden for Skvenehei vindpark og konsekvensutgreiinga for villrein som følgjer søknaden.

Arbeidsutvalet syner til saksframstillinga og dei vesentlege merknadar som kjem fram vedkomande konsekvensutgreiinga for villrein knytt til Nordleg planområde (Stuttjønnehei). Merknadane er knytt til følgjande forhold:

- *Observasjonar av villrein dei seinare åra*
- *Bruk av innsamla data frå GPS-merkeprosjektet i Setesdal Ryfylke.*
- *Beitegrunnlaget i Setesdal Ryfylke*
- *Manglande studie av villrein og vindkraft*
- *Bestandsituasjonen og pågåande villreinprosjekt i Setesdal Ryfylke*

Ut frå merknadane har Stuttjønnehei større viktighet for villrein enn det som vert lagt til grunn i konsesjonssøknaden. Det må her særleg leggast vekt på at observasjonar av villrein i sørleg del av Setesdal Ryfylke må sjåast i ljøs av at totalstammen har vore låg dei siste åra. . Vidare må det leggast vekt på pågåande villreinprosjekt der målsettinga er å få villreinen til å ta i bruk ein større del av leveområdet.

Med grunnlag i merknadane til konsekvensutgreiinga bør det ikkje gjevast konsesjon for vindpark i nordleg planområde (Stuttjønnehei). Det er arbeidsutvalet sitt syn at utbygging av vindkraft i dette området bryt med målsettingane gjeven i Heiplanen.

Kopi til:

NVE, Pb. 5091 Majorstua. 0301 OSLO



EVENTUELT

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
C83	2014/11	Jørn Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/4	Arbeidsutvalet i villreinnemnda	03.02.2014

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 03.02.2014

Dato for vårmøtet

Vert på Bykle hotell 1 – 2 april. På kvelden 1. april må det vera ein gjennomgang av bestandsplanen for SR for heile nemnda. Sekretær avklarar med laga.

Tunnel for delar av E 134 over Haukelifjell

Lite respons på brevet som vart sendt i september 2013. Olav Tveita og sekretær kontaktar vegvesenet for å få til eit møte.

Ny bestandsplan SR

Det ligg føre eit utkast som skal sendast på høyring til medlemmane i villreinlaget. Det må settast av god tid til informasjon og drøfting av bestandsplanen på vårmøtet.

Sak vedk. tilbygg på fritidshytte v/Kyrelitjønn 23/31, Bjørnevatn, Valle kommune

Valle kommune har gjeve løyve til tilbygg på fritidshytte frå 49 kvdm. til 73 kvdm. BRA. Bygningen ligg i omsynssone villrein eit stykke aust for omsynssone trekk (nord for Bjørnevatn). Det vert ikkje klaga på vedtaket men sekretær melder tilbake til kommunen at vi vurderer tiltaket som eit vesentleg tilbygg. Viktig at tiltaket vert vurdert i høve til det totale utbyggingspresset i området der auka storleik og standard i praksis fører til auka bruk og aktivitet.

Vintergolf Hovden

Bykle kommune har sendt på høyring ei sak som gjeld preparering av eit område til vintergolf nord for dagparkeringa ved Hovden fjellstove. Datoen er 5. april. Området vil bli preparert med tråkkemaskin i forkant. Området ligg i/nær opp til trekkområde mellom Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei.

Sekretær melder tilbake at prepareringa må avgrensast så nær opp til aktuelle dato som mogleg. Før preparering tar til må det avklarast med SNO om det står dyr nær opp til området. I så fall må arrangementet avlysast.

Driftshytter 93/1 Sæsvatn, Vinje kommune

Jamfør møte med Vinje kommune i november 2013. Det er nå sendt ein samla søknad for alle tiltaka. Sekretær skriv forslag til uttale som vert drøfta i eget telefonmøte.